



SIM

Årsmelding 2013

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS





SIM

Innholdsoversikt

Stabilt godt år	3	SIM Næring	46
		Omstilling og konkurranse	46
		Styret si årsmelding	48
		Resultatrekneskap	49
		Balanse	50
		Noter til rekneskapen	52
		Kontantstraumanalyse	60
		Revisjonsmelding	61
SIM fram til i dag	4	SIM Tankrenovasjon	64
Føremålet og oppgåvene til selskapet	4	Lågare omsetnad, auka konkurranse	64
Organisering	6	Styret si årsmelding	66
Styret i SIM	7	Resultatrekneskap	67
Tilsette	8	Balanse	68
Dotterelskap og andre eigarinteresser	9	Noter til rekneskapen	70
Styret si årsmelding	10	Revisjonsmelding	75
Driftsmessige tilhøve	12	Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn	77
Avfallsmengder	14		
Attvinning	15		
Miljøsentralen	16		
Kompostanlegg	17		
Deponi	18		
Renovasjonsgebyr	19		
Etterkalkulasjon sjølvkostområder	21		
Resultatrekneskap	23		
Balanse	24		
Konsernrekneskap	26		
Kontantstraumsanalyse	27		
Konsernbalanse	28		
Kontantstraumoppstilling, konsern	30		
Noter til rekneskapen	31		
Revisjonsmelding	44		

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Svartasmoget
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as
Foretaksnr.: NO 958 284 837 MVA

Eigarkommunar: Austevoll, Bømlo, Fitjar,
Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.
Innbyggjarar: 59 547
Abonnentar: Hus: 24 779 / Hytter: 7 423
Abonnentar som heimekomposterer: 3 043
Kilo avfall per innbyggjar 2013: 423 kg
Kundar med slamavskiljar: 12 431

I redaksjonen: Janne Hillersøy
Bilete: Janne Hillersøy
Grafisk produksjon: Oktan Stord
Opplag: 100
Trykt på resirkulert papir:
Cyclus 115 g, 200 g på omslaget

Stabilt godt år

2013 har vore eit stabilt og godt år for SIM. Selskapet registrerte få klager og har effektiv drift. Det er stor auke i mengdene frå hushalda og gjenvinningsgraden held seg stabil på 98 %. Selskapet har overskot på den kommunale drifta, og ved miljøsentralane opplever ein svært gode besøkstal. For fyrste gong i historia passerte ein over 50 000 besøk. Det viser at miljøsentralen er eit viktig og populært tilbod til innbyggjarane i Sunnhordland. Nær 40 % av hushaldsavfallet kjem inn via miljøsentralane.



Terje Gilje
DAGLEG LEIAR

Selskapet, og avfallsbransjen, er i stadig utvikling og endring. Noko SIM lyt tilpassa seg. I løpet av 2014 skal ein starta bygging av ny miljøsentral på Bømlo, og ein er i gong med å leggja til rette for utvikling av eksisterande sentralar. Ved deponiet i Svartasmoget går det føre seg aktivitet knytt til avslutting. Næringsmengder til deponi har auka samanlikna med 2012, medan hushaldsavfall til deponi er stabilt lågt.

Auka krav til handsaming av farleg avfall fører til auka krav til kompetanse blant personalet. Som ein konsekvens av dette ser selskapet det som naudsynt å ha eigne tilsette, i staden for å leiga tenester slik ein i større grad har gjort tidlegare. På den måten får ein høve til utvikling og oppfølging av tenestene på ein betre måte.

SIM sitt dotterselskap, SIM Næring AS (SIM N), tilbyr tenester til næringslivet i regionen. Ein ser at strukturendringar i bransjen fører til anna organisering av denne marknaden. Dette har styrka tanken om SIM er rette eigar av SIM N

Sørvest Varme AS vart avvikla i 2013. SIM har vore medeigar i selskapet sidan etableringa i 2003. Selskapet sitt mål har vore å sjå på mogleiken for å etablere eit forbrenningsanlegg i regionen. Ein har no konkludert med at det ikkje er rett, ein bør heller nytta allereie etablerte anlegg.

SIM starta på våren utarbeiding av ny avfallsplan i samarbeid med kommunane. Planen vil seia noko om framtidige løysingar og perspektiv. Selskapet ser på seg sjølv som pådrivar og tilretteleggjar for gode og miljøretta løysingar for innbyggjarane i Sunnhordland. Selskapet har som mål å få auka graden av avfall som går til materialeattvinning og ombruk. Styret har difor bestemt at ein i 2014 vil starta eit prøveprosjekt i Fitjar, der ein vil innføra henteordning på plast og tekstilar/klede. Målet er å få desse fraksjonane ut av restavfallet og inn i straumen som går til materialattvinning/ombruk.

SIM har dyktige medarbeidarar som også i framtida vil vera med på å tilby gode tenester til ein rett pris til abonnentane i Sunnhordland. Selskapet har sunn økonomi og ein er godt rusta til å møte dei utfordringane som måtte koma.

Takk til alle medlemskommunar, kundar, samarbeidspartnarar og tilsette for godt samarbeid i 2013.

SIM

fram til i dag



Føremålet og oppgåvene til selskapet

§ 4 Føremål

Føremålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærare avtale med kommunane
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal der dette er naturleg, søkja å etablere samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljøretta løysingar når det gjeld gjenvinning.
4. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Administrasjonen ligg i Svartasmoget i Fitjar kommune.

SIM har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei 59 547 innbyggjarane og 7 423 hyttekundane i medlemskommunane. I alle kommunane er det kjeldesortering med dunkar for høvesvis bio-, papir- og restavfall.

Innbyggjarane i medlemskommunane kan gjera seg nytte av SIM sine miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje. Innbyggjarane kan sortera ut farleg avfall, EE-avfall, trevirke, metall, plastemballasje, hageavfall og meir. Dette avfallet må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

I Svartasmoget er det administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral, hall og utstyr for kompostering av våtorganisk avfall, i tillegg til anlegg for mottak og handsaming av avløpslam. På Heiane, i Stord kommune, har selskapet omlastehall. Det er i tillegg miljøsentralar i alle eigarkommunane. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærrområde. Selskapet arbeider for å utnytta ressursane i avfallet.



I 1997 skipa SIM det heileigde dotterselskapet SIM Næring AS (SIM N). Dette selskapet skal ta seg av avfall frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er konkurranseutsette.

SIM N kjøpte i juni 2007 Opedal Tankrenovasjon AS i lag med investeringselskapet Enviro Invest AS. Selskapet fekk namnet SIM Tankrenovasjon AS (SIM Tank). I 2013 kjøpte SIM N Enviro Invest AS sine aksjar i SIM Tank. Slik at SIM Tank no er eit heileigd dotterselskap av SIM N. SIM Tank held til på Frakkagjerd i Nord-Rogaland og tilbyr suge- og spyletenester, røyrinspeksjon, røyrfornying, slamtømming og innsamling av farleg avfall.

§ 5 Selskapets oppgåver

Selskapets oppgåver er:

1. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidareending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast vidare for destruksjon eller gjenvinning.
2. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallshandsaminga.
3. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet.
4. Selskapet skal i informasjonsarbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallshandsamingsmetodar.

Organisering

Representantskapet er det øvste organet i SIM. Eigarkommunane vel medlemmer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

SIM N er eit heileigd dotterselskap til SIM, og SIM Tank er dotterselskap til SIM N. Alle desse selskapa har eiga generalforsamling, eige styre og eigen dagleg leiar.

Representantskap

Folketalet avgjer kor mange medlemmer kvar eigarkommune har i representantskapet. Kommunestyra vel medlemmer og personlege varamedlemmer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemmene er fordelte slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.

Representantskapet vel leiar og nestleiar for 2 år om gongen.

Representantskapet hadde eitt møte i 2013 (26. april) og handsama 13 saker.

Styre

Det er éin styremedlem frå kvar kommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det éin representant frå dei tilsette i styret. Representantskapet vel styremedlemmer, nestleiar og leiar i styret.

Styret hadde elleve møte i 2013.

Organisasjonskart:



Sjå sidene 46 og 64 for informasjon om SIM Næring AS og SIM Tankrenovasjon AS.

Representantskap, styre og administrasjon

MEDLEMSKOMMUNAR

Austevoll
Bømlo
Fitjar
Kvinnherad
Stord
Sveio
Tysnes

REPRESENTANSKAP

23 medlemmer.
LEIAR:
Kjetil Hestad
Tysnes

STYRET

7+1 medlemmer.
LEIAR:
Reidunn Aasheim
Stord

MILJØSENTRALAR

Austevoll
Bømlo
Fitjar
Kvinnherad
Stord
Sveio
Tysnes

ADMINISTRASJON OG HOVDANLEGG

Svartasmoget,
Fitjar.
DAGLEG LEIAR:
Terje Gilje

Styret i SIM



AUSTEVOLL

Renate Møkster Klepsvik

Varamedlem:
Helge Otterå



SVEIO

Jorunn Skåden

Varamedlem:
Helge Sveen



FITJAR

Rune Sandvik

Varamedlem:
Gunn Marit Søreide



BØMLO

Hein Schaug

Varamedlem:
Inge Reidar Kallevåg



STORD

Reidunn Aasheim
LEIAR

Varamedlem:
Jan Kåre Pedersen



KVINNHØRAD

Jostein Grov

Varamedlem:
Ann Helen Ripel



TYSNES

Atle Teigland

Varamedlem:
Elisabeth Sandven



SIM TILSETTE SIN REPRESENTANT

Kjell Egil Hollund
FAGKUNNIG, UTAN STEMMERETT

Varamedlem:
Arild Vik

Tilsette

Faste stillingar i SIM 2013:

Dagleg leiar:

Terje Gilje

Driftsleiar innsamling og kommunal drift:

Kjell Egil Hollund

Driftsleiar slutthandsaming av avfall:

Jan Rolf Bekkevold

Personal og økonomi:

Trude Vedå

Kommunikasjonsmedarbeidar:

Janne Hillersøy

Rådgjevar:

Arild Vik

Kundehandsamarar:

Trine Tverborgvik og Sissel Lønning

Operatør kompost/deponi:

Einar Breivik



Jostein Johannessen tek i mot kundar ved miljøsentralen i Hollundsdaalen, Bømlo.

Kundehandsamarar miljøsentralar Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes:

Olaf Skram, Helge Sæterbø, Kjell Bolme, Gro Andersen, Oscar Langballe, Svein Kvernenes, Jostein Johannessen, Kristoffer Vik, Kjell Frode Hole (30 % stilling), Inge Mikal Helland (30 % stilling) og Einar Wierdal (30 % stilling)



Dotterselskap og andre eigarinteresser



SIM
Næring AS

SIM Næring AS (SIM N) er eit heileigd dotterselskap av SIM.

Selskapet tek hand om næringsavfall og farleg avfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haugalandet. Målsetjinga til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heilskapleg og god avfallshandtering.

Kontor og sorteringsanlegg ligg i Eldøyane næringspark på Eldøyane i Stord kommune. 31.12.13 hadde selskapet 57 tilsette. Omsetninga i 2013 var 110 millionar kroner. Resultat før skatt var på 2,9 millionar kroner.



SIM
Tankrenovasjon

SIM N eig 100 % i SIM Tankrenovasjon AS (SIM Tank). SIM Tank held til på Frakkagjerd i Nord-Rogaland og tilbyr slamtømming, innsamling av farleg avfall og suge- og

spyletenester. 31.12.13 hadde selskapet 19 fast tilsette. Resultat i 2013 var på 33 millionar kroner. Overskotet før skatt var på minus 0,45 millionar kroner.



Slab er eit laboratorium for akvakultur, vatn og mat og vart stifta januar 2004 (tidlegare laboratoriet til Næringsmiddeltilsynet). SIM eig 100 av i alt 1 345 aksjar, ein eigardel på 7,4 %.

Sørvest Varme AS vart skipa i desember 2003, og er eigd av Haugaland Kraft AS, Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS, Karmøy kommune, Haugesund kommune og SIM. SIM eig 764 av 2 000 aksjar, ein eigardel på 38,2 %.

Sørvest Varme AS vart avvikla i 2013.



SØRVEST VARME

REKOM

Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av 58 kommunar og interkommunale renovasjonsselskap. Desse selskapa har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 200 av 4 699 aksjar i Rekom AS, ein eigardel på 4,26 %.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Selskapet skal hjelpe til med omsetning av avfallsfraksjonar som vert samla inn for attvinning, og å forhandla for å oppnå så gunstige vilkår som mogleg for omsetning av avfallet.

RETURA®

SIM N eig 260 av 11 946 aksjar (2,18 %) i Retura Norge AS, som er eit administrativt selskap eigd av ulike avfallsselskap kringom i landet. Retura sel avfallstenester til kundar i store delar av landet. Det utførande leddet er eigarselskapa.

Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (morselskapet) sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall, tømning av slamtankar og handsaming av avvatna slam. I tillegg tek selskapet imot avfall frå næringslivet til slutthandsaming ved komposteringsanlegg eller deponi. Selskapet sitt hovudkontor ligg i Fitjar kommune, aktiviteten går føre seg i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Kundane er godt nøgde med selskapet og renovasjonsordninga, dersom ein samanliknar talet på klager sett opp mot talet på kundar.

Konsern

SIM-konsernet består i dag av tre selskap; Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, SIM Næring AS og SIM Tankrenovasjon AS. Morselskapet Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS har sin hovudaktivitet knytt til kommunal renovasjon og slamtømming. SIM Næring AS er 100 % eigd av SIM og har transport og drift av avfallsordningar for næringslivet som hovudaktivitet. SIM Tankrenovasjon AS er 100 % eigd av SIM Næring AS og tilbyr suge- og spyletenester, røyriinspeksjon, røyrfornyng, slamtømming og innsamling av farleg avfall.

Bygningar, anlegg og uteområde som selskapet eig er forsøkt utforma i tråd med krava om universell utforming i plan- og bygningslova. Selskapet sin nettstad og informasjonsblad er forsøkt utforma med tanke på blinde og svaksynte lesarar. Selskapet arbeider i personalsamanheng aktivt for å motverka diskriminering, særbehandling og trakassering.

Økonomi

I 2013 hadde morselskapet ei inntekt på 78,4 millionar kroner og konsernet 202 millionar. Resultatet i morselskapet var på 3,4 millionar kroner. Konsernet hadde eit resultat på 3,4 millionar kroner.

SIM har ansvar for å avslutta deponiet på ein tilfredsstillande måte, og for å driva det forsvarleg i minst 30 år etter avslutting. Selskapet skal årleg vurdera kva som er nødvendige avsetjingar for å dekke framtidige kostnader. Det er totalt sett av 50,7 millionar kroner i rekneskapen.

Morselskapet hadde eit overskot på kommunalt avfall på 2,1 millionar kroner. Slamtømeaktivitetane hadde eit overskot på 1,1 millionar kroner. Overskota vert tilført renovasjonsfondet, som ved årsskiftet var på pluss 11 millionar kroner, og slamfondet som ved årsskiftet var på pluss 1,5 millionar kroner. Fonda skal byggjast ned dei næraste åra. Ved berekning av sjølvkost (etterkalkyle) legg selskapet til grunn lova og selskapsavtalen.

Styret meiner SIM er godt budd på framtidige miljøkrav, då eigenkapitalen i selskapet er god. Årsrekneskapen og konsernrekneskapen gir eit rett bilete av SIM og konsernet sine eigneluter og gjeld, finansiell stilling og resultat. Føresetnadene for framleis drift er til stades, og styret stadfestar desse.

Finansiell risiko

SIM sin strategi er å investera med låg til moderat risiko. Overskotslikviditeten er plassert i bank, styret meiner plasseringa inneber låg risiko for selskapet.

Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2013 var det 17,9 årsverk i morselskapet og 93,9 i konsernet. Fem av dei tilsette i morselskapet og elleve i konsernet var kvinner. Langtidssjukefråværet i morselskapet var på 2,1 %, og korttidssjukefråværet var på 0,9 %. I SIM Næring AS var langtidssjukefråværet 3,5 % og korttidssjukefråværet på 1 %. I SIM Tankrenovasjon AS var langtidssjukefråværet på 14,7 %, og korttidssjukefråværet på 3,9 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær, og styra er ikkje kjent med at noko av fråværet skuldast arbeidstilhøve.

Selskapet har som mål at det skal vera likestilling mellom menn og kvinner på arbeidsplassen. Renovasjonsbransjen har tradisjonelt vore mannsdominert. I eit forsøk på å motverka dette oppmodar selskapet kvinner om å søkja ved utlysing av nye stillingar.

Ytre miljø

Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn vert overvaka i tråd med miljøstyresmaktene sine retningslinjer og prøvetakingsprogram. System for oppsamling av deponigassar er installert, og innsamla gassar vert avfakla.

Sigevatnet i 2013 hadde ein lågare konsentrasjon av dei fleste analyserte komponentar i forhold til det som vart funne i 2012. Nivået av tungmetall og organiske miljøgifter var ikkje høgt i sigevatn eller sigevass - sediment. Nivået av metall i sigevatnet låg på same låge nivå som dei føregåande åra.

Framtida

SIM har nokre restinvesteringar att på Heiane: inngjerding av området og bygging av garderobe – og eventuelt kontor. Selskapet vil har starta planlegging og bygging

av ny miljøsentral på Bømlo. I tillegg skal det byggjast reinseanlegg i Svartasmoget.

Gjennom SørVest Varme AS har SIM sidan 2003 arbeidd for å finna ut om det er rett å byggja forbrenningsanlegg i regionen. Det har vore lite aktivitet i selskapet og selskapet vart avvikla i 2013.

Styret kjenner seg trygg på at SIM også i framtida kan gje kundane ei god og kostnadseffektiv renovasjonsordning.

Fitjar, 14. mars 2014

Renate M. Klepsvik

Jorunn Skåden

Jostein Grov

Rune Sandvik
NESTLEIAR

Reidunn Aasheim
LEIAR

Hein Schaug

Atle Teigland

Elisabeth Sandven

Terje Gilje
DAGLEG LEIAR

Driftsmessige tilhøve

Mengda av innsamla hushaldsavfall på renovasjonsrutene auka frå 2012 til 2013, det same gjorde mengda innsamla hytteavfall. Innsamla næringsavfall på renovasjonsrutene hadde ein nedgang i 2013. Medan besøka på miljøsentralane auka kraftig i fjoråret.

Samanlikna med talet på kundar vart det i 2013 registrert svært få klager.

Avfallsmengda

Hentefraksjonane (rest, bio og papir) og avfall frå returpunkta (glas- og metallemballasje) gjekk opp med 0,9 % frå 2012 til 2013, næringsavfall medrekna. Totalt gjekk mengda av hushaldsavfall opp med 4,9 %.

Kvar innbyggjar leverte 423 kg avfall i 2013
Attvinningsprosenten var 98 %, der 46 % gjekk til energiutnytting.

Miljøsentralane

Talet på kundar som vitja miljøsentralane auka frå 2012 til 2013. Alt i alt var det 50 790 vitjingar ved dei sju miljøsentralane i 2013. 20 % fleire enn året før. Det kom inn 10 852 tonn avfall på miljøsentralane. Alt i alt kom 37 % av hushaldsavfallet inn via miljøsentralane. Privatkundar som leverer avfall til miljøsentralen betalar om lag ein fjerdepart av kostnadane med å driva tilbodet. Næringsdrivande betaler fulle kostnader.

Hytterrenovasjon

Det vert stadig bygd nye hytter i SIM-kommunane, og ordninga for hytterrenovasjon er under kontinuerleg utvikling. Nye konteinrastader kjem til og kapasiteten på eksisterande lokalitetar vert auka. I 2013 var det tøming to gonger per veke i juli og august.

Deponi

I 2013 vart det levert 11 100 tonn avfall til deponiet i Svartasmoget, ein auke på 114 % frå året før. Årsaka er at ein har teke i mot større mengder frå næringskundar. Den som leverer avfall til deponi skal kontrollera og gå god for at avfallet kan leverast til deponiet, SIM kontrollerer avfallet visuelt før og etter lossing. Ved behov vert det teke prøvar av avfallet.

Trevirke

SIM tok i mot totalt 7 127 tonn trevirke i 2013.

Kompost

Komposteringsanlegget tok imot 3 328 tonn våtorganisk avfall frå SIM-kommunane og 3 093 tonn frå næringskundar. Komposten som blir produsert i Svartasmoget kan kjøpast ved alle SIM sine miljøsentralar og er eit populært jordforbetringsprodukt. Prisen i 2013 var kr 300 per tonn og salet gav ei inntekt på kr. 673 000 eks. mva.

Slamtømming

I 2013 var det tøming av slamavskiljarar for heilårsbustader i Fitjar, Stord og Tysnes, og både heilårsbustader og fritidshus i Austevoll. SIM har tilbod om tøming av minireinseanlegg og tette tankar som ikkje har nok med ordinær tøming. Selskapet nyttar eit system for sanntidskommunikasjon mellom kontoret i Svartasmoget og slambilane.

Næringskundar på ruter for hushaldsavfall

Avfall frå næringskundar vert voge og elektronisk registrert ved hjelp av strekkodar på dunkane. I 2013 kom det inn 850 tonn brennbart restavfall, 178 tonn papir og 221 tonn bioavfall.

To transportørar

To firma hentar inn boset for SIM. Renovasjon Øst AS hentar bos i Austevoll, Kvinnherad og Tysnes, medan SIM Næring AS hentar i Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio.

Prøveprosjekt på plastinnsamling

SIM samla i heile 2013 inn plastemballasje frå hushald i Fitjar. Målet med prøveprosjektet er å finna ut om abonnentane ynskjer plastsortering, og om dei er viljuge til å betala meirkostnaden med å få platen henta heime hos seg. Vil mange nok det, kan plastinnsamling bli eit permanent tilbod i SIM-kommunane. Platen vart henta inn ein gong i månaden. SIM held fram prøveprosjektet i 2014, og har utvida prosjektet til å omfatta henteordning for tekstilar/klede. Målet er å få auka mengdene som går til ombruk eller materialattvinning. Ved utarbeiding av ny avfallsplan vil ein avklara kva ordning ein skal ha i SIM-kommunane.



Våren 2013 var bortimot 400 skuleelevar og lærarar hjå SIM for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling.

Ryddedugnad

Ryddedugnaden som er tufta på SIM sitt miljøfond vart i 2013 gjennomført i alle SIM-kommunane. Tiltaket er populært, og mange innbyggjarar tok oppmodinga om å engasjera seg for ein reinare og ryddigare heimkommune.

Selskapet oppmodar og folk til å melde frå om forsøpla områder. SIM er då med og legg tilrette for at det vert rydda opp i desse områda. Ei rekkje saker er ordna opp i, medan andre er under arbeid.

Informasjon

SIM-nytt, sentralbord, tømmekalenderen, SIM sine nettsider og pressemeldingar var dei viktigaste informasjonskanalane for SIM i 2013.

Alle huseigarar og verksemder mottok tre utgåver av SIM-

nytt. Alle hytteabonnentar fekk tilsendt eit hytte-SIM-nytt ved påsketider. Tømmekalenderen vart sendt ut som eiga postsending i desember. I samband med slamtømming i kommunane Austevoll, Fitjar, Stord og Tysnes, vart det sendt informasjonsblad til abonnentane. Det var 13 utgåver av Stuttnytt, SIM sitt internblad.

Skuleprosjektet

Våren 2013 var bortimot 400 skuleelevar og lærarar hjå SIM for å læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling. SIM betalar reisa for skuleklassane.

Andre tilskotsordningar

9 søknader om tilskot til kjøp av tøybleier vart godkjende. Det vart gjeve tilskot til loppemarknadar, gjenbruksbutikkar og til firmaet Open Heart, som driv eksport av brukte klede til Aust-Europa.


Avfallsmengder

Mengda av hushaldsavfall i SIM-kommunane gjekk opp med 4,9 % frå 2012 til 2013. I alt mottok SIM 25 057 tonn hushaldsavfall frå innbyggjarane i SIM- kommunane. Attvinningsprosenten var 98. Attvinningsprosenten har auka mykje sidan 2003. Det året var attvinningsprosenten på 48 %.

I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Tala er justerte for rettast mogeleg deling av hushalds- og næringsavfall.

Mengder hushaldsavfall


(I TONN)



Samla avfallsmengder som SIM tek hand om

(I TONN)

- Hushaldsavfall SIM til attvinning
- Hushaldsavfall SIM til deponi
- Slam
- Næringsavfall til attvinning
- Næringsavfall til deponi



Til saman: 48 062 tonn

Attvinning

Avfall vert attvunne på tre måtar: Ombruk, materialattvinning og energiutnytting.

Ombruk

Me kallar det ombruk når folk tek i bruk gjenstandar andre har kvitta seg med. Døme er sykklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer og klede.

Materialattvinning

Når avfall vert brukt som råstoff i nye produkt, vert det kalla materialattvinning. Døme er papir (de-ink) som blir til nytt papir til bruk i aviser/magasin.


Energiutnytting

Når avfall vert brukt som energikjelde, kallar ein det energiutnytting. Døme er når restavfall vert brent og nytta til oppvarming.

I 2013 vart 98 % av hushaldsavfallet som SIM mottok attvunne. I tillegg kjem avfall som vert samla inn gjennom dei landsomfattande returordningane. SIM har ikkje tilgjengeleg statistikk for desse ordningane, som m.a. femner om pant på boksar og flasker, bilar og EE-avfall som blir levert direkte til forhandlar av slike produkt.

Hushaldsavfall

(I TONN)




Heimekompostering

12 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime. Totalt er det 3 050 registrerte bingar. I tillegg kjem 471 kundar som deler bingje med andre. Abonnentar som komposterer heime, slepp å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetningsmiddel.

Om kvar innbyggjar produserer 90 kilo bioavfall i året, vart det i 2013 heimekompostert 792 tonn avfall.

Avfallshierarkiet

Avfallshierarkiet viser kva som gjev best effekt med tanke på miljøet.



Miljøsentralen


SIM har miljøsentral i alle eigarkommunane (7 stk). Ved SIM sine miljøsentralar kan innbyggjarane levera avfall dei ikkje har plass til, eller ikkje har lov til å kasta i behaldarane ein har fått utdelt av SIM. Innbyggjarane betalar om lag ein fjerdedel av kostnaden. Resten vert dekkja gjennom renovasjonsgebyret. Næringslivet kan

og nytta seg av miljøsentralen, men dei betalar faktiske kostnader etter vekt/volum.

SIM sine miljøsentralar hadde ein auke på i besøkstalet frå 2012 til 2013. Også mengda avfall levert til miljøsentralen går opp.




Besøk SIM sine miljøsentralar



Mengder SIM sine miljøsentralar

(I TONN)



Kompostanlegg

Alt matavfall frå kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes vert køyrt til kompostanlegget i Svartasmoget. Der vert det blanda med strø og lagt i rankar som det vert blåst luft inn i. Bakteriar, sopp og andre ørsmå organismar byrjar prosessen med å bryta ned organisk materiale til eit jordliknande produkt. Temperaturen kan koma opp i 60-


70 grader. Etter om lag 16 veker i ranker vert komposten sikta, før han må liggja minimum seks månader til ettermodning.

Tilslutt får ein mold av ypperste kvalitet. Eit populært produkt selskapet sel.




Mengder til kompostering

(I TONN)



Selde mengder kompost

(I TONN)



Deponi

Avfall som ikkje kan gå til attvinning, hamnar på avfallsplassen i Svartasmoget. Etter deponiforbodet i 2010 er det svært små mengder som hamnar på deponiet.

Gassanlegget

Gassanlegget i Svartasmoget er bygd opp av 18 brønner i deponiet og ein fakkell der gassen vert brent. Anlegget syg metangass ut av fyllinga og fører den til gasshuset for brenning. Dette vert gjort for å redusera den sterke drivhusgassen metan.

Sigevatnet


Sigevatn oppstår ved at nedbrytingsprosessar i avfallet

frigjer ureina vatn frå avfallet. Under heile fyllinga er det eit nett av leidningar som samlar opp sigevatnet og fører det til ein fangdam. Fangdammen tettar fysisk mot fjellet og hindrar lekkasje av sigevatn til bekker og myrområde utanfor deponiområdet. Frå fangdammen vert sigevatnet ført ut på 70 m djupn i Stokksundet. Prøver av sigevatnet vert tekne 12 gonger i året for å bli analyserte ved eit akkreditert laboratorium. Vassdrag og grunnvatn vert og kontrollert fleire gonger kvart år. Stokksundet er resipienten til sigevatnet frå fyllplassen, og kvart femte år blir det gjort ei miljøgransking her.



Mengder til deponi

(I TONN)



Renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret som kundane betalar er ein kombinasjon av dunkgebyr (ca. 70 %) og abonnementsgebyr (ca. 30 %).

Dunkgebyret er likt i alle medlemskommunane. Abonnementsgebyret ut frå SIM er også likt. Likevel betalar kundane ulikt for renovasjonstenestene. Årsaka til dette er at kommunane legg på abonnementsgebyret for å dekkja sine utgifter med renovasjonsordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune.

Også for hyttekundar er renovasjonsgebyret i utgangspunktet likt. Årsaka til at betalingssatsane likevel varierer, er den same som over.

Alt i alt er det SIM, og ikkje kommunane, som tek den økonomiske risikoen med endringar i avfallsmengda.

Målet med gebyrordninga

Målet med gebyrordninga er å få mindre avfall og meir attvinning. Det er i tillegg eit mål for SIM å ha likt renovasjonsgebyr i medlemskommunane.


Gebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon/slamtømming i kommunen; både SIM sine utgifter og kommunen sine. Det er kommunestyret som fastset gebyret i sin kommune.

Abonentane kan spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall, slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å sortera betre, slik at ein treng mindre eller færre dunkar.
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)


Dette går gebyret til

(REKNA UT FRÅ EIT SNITTGEBYR PÅ 2 243 KRONER I 2013)



Gjennomsnittleg renovasjonsabonnement i 2013

(I KR, INKL. MVA)



Kommunalt abonnementsgebyr for hus i 2013

(I KR, INKL. MVA)





Vitjing frå Comalapa hjå SIM våren 2013.


Slamtømmegebyr for heilårshus i 2013

(I KR, INKL. MVA)



Renovasjonsgebyr fritidsbustad i 2013

(I KR, INKL. MVA)



Etterkalkulasjon sjølvkostområder

Kommunane og sjølvkost

I rettleiaren er sjølvkost definert som: «...den totale kostnadsøkningen en kommune får ved å produsere hushaldsrenovasjon eller slamtøming av private slamtankar...».

Vidare står det: «...Når lov eller vedtak krever beregning av selvkost, er det i utgangspunktet kommunen som er ansvarlig for å gjøre denne beregningen...».

For sjølvkostområda renovasjon og slamtøming utfører kommunane etterkalkyle, på lik linje med andre sjølvkostområde i kommunen. Kommunane har kostnader

med desse tenestene i tillegg til dei som SIM belastar sjølvkostområda.

På oppdrag frå kommunane Bømlo, Fitjar og Kvinnherad utarbeider SIM budsjett (forkalkyle) og revisorgodkjent rekneskap (etterkalkyle).

SIM og sjølvkost

Hovudaktivitetane til SIM er sjølvkostområda hushaldsrenovasjon og slamtøming av private slamtankar. Selskapet føl opp dei forskjellige kostnadsområda gjennom avdelingsrekneskap.

For 2013 viste rekneskapen slikt resultat:	Hushaldsrenovasjon	Slamtøming
Inntekter:	49 983 732	8 136 028
Kostnader:	47 929 127	7 034 538
Årsresultat:	2 054 605	1 101 489
Inngående fond 1.1.2013:	8 804 104	397 433
Totale bundne fond i SIM 31.12 2013:	11 040 468	1 511 148

Bundne fond i SIM fordelt på abonnentane*

*(fordelt etter abonnentar per.kommune/hytteabonnentar er rekna som ½ abonnent)

	Hushaldsrenovasjon		Slamtøming	
	%	kr:	%	kr:
Austevoll	9	975 078	16	242 725
Bømlo	19	2 085 830	25	373 271
Fitjar	5	562 749	6	97 910
Kvinnherad	23	2 507 597	22	332 437
Stord	27	3 020 207	5	77 872
Sveio	10	1 143 785	15	222 232
Tysnes	7	745 220	11	164 701

SIM sin praksis for 2013

Me dei endringar selskapet har gjort, meiner styret i SIM at ein føl rettleiaren for sjølvkost så langt det er mogeleg utan å bryta lover, forskrifter og selskapsavtalen, som er bindande for selskapet.

SIM sin selskapsavtale seier at selskapet ikkje skal ha erverv til føremål, og ikkje kan betala utbytte. Forureiningslova seier at «gebyret må ikkje overstige kommunens kostnader», og i selskapsavtalen står det «dei

årlege utgiftene til selskapet skal dekkast av avgifter for dei ulike renovasjonstenestene».

Selskapet har ikkje belasta gebyra med kalkulatoriske renter på investeringar dekkast av selskapet sin opptente eigenkapital, av di selskapet sin opptente eigenkapital ikkje gjev kommunen rentekostnader eller tapte renteinntekter. Ut frå dette meiner styret at ein ikkje kan belasta gebyra rentekostnader ein ikkje har. Styret føl med arbeidet med utarbeiding av ny forskrift.



Resultatregneskap

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	R 2013	B 2013	2012
Driftsinntekter				
Driftsinntekter	14	78 358 114	84 131 972	74 023 947
Sum driftsinntekter		78 358 114	84 131 972	74 023 947
Driftskostnader				
Bruk av tenester (transport)		26 028 870	28 187 399	23 735 562
Handsamingskostnader		14 691 537	22 222 595	17 021 206
Løn og sosiale kostnader	7	13 363 195	12 323 760	11 769 369
Andre driftskostnader	7,11	17 982 876	15 679 894	31 322 331
Ordinære avskrivningar	2	5 476 438	6 087 422	5 076 197
Tap på krav	5	31 128	-	39 068
Sum driftskostnader		77 574 043	84 501 070	88 963 733
Driftsresultat		784 071	-369 098	-14 939 786
Renteinntekter	15	2 476 353	1 650 000	2 195 750
Anna finansinntekt		347 602		190 928
Annan finanskostnad	9	197 211	20 000	202 288
Netto finansposter		2 626 743	1 630 000	2 184 391
Resultat før ekstraordinære poster		3 410 814	1 260 902	-12 755 395
Ordinært resultat		3 410 814	1 260 902	-12 755 395
Årsresultat		3 410 814	1 260 902	-12 755 393
Disponering av årsresultat				
Til annan egenkapital	6	3 410 814	1 260 902	
Fra annen egenkapital	6		-	-12 755 393
Disponert årsresultat		3 410 814	1 260 902	-12 755 393

Balanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2013	2012
Eigneluter			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Tomter, Bygninger	2	104 091 169	101 903 308
Maskinar og anlegg	2	18 741 070	19 373 051
Inventar og kontorutstyr	2	1 159 679	1 012 778
Sum varige driftsmidler		123 991 917	122 289 137
Finansielle anleggsmidler			
Aksjer i dotterselskap	3	2 200 000	2 200 000
Fordring på SIM Næring AS	15	4 200 000	
Andre aksjar	4	617 805	617 805
Egenkapitaltilskot KLP	4	175 071	145 174
Sum finansielle anleggsmidler		7 192 876	2 962 979
Sum anleggsmidler		131 184 793	125 252 116
Omlaupsmidler			
Krav			
Kundekrav	5	2 768 701	1 695 483
Krav på konsernselskap	5	1 374 295	1 687 587
Kortsiktig lån til SIM Næring	15	8 000 000	
Andre kortsiktige krav		1 375 274	2 049 605
Sum krav		13 518 271	5 432 675
Kontantar, bank	10	4 399 061	12 225 341
Midlar avsett til etterdrift, kommunalt og slam	9	63 215 309	60 201 537
Sum Bank		67 614 370	72 426 878
Sum omlaupsmidler		81 132 641	77 859 552
Sum eigneluter		212 317 433	203 111 668

Balanse forts.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2013	2012
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	6	173 030	173 030
Sum innskoten eigenkapital		173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	6	137 620 559	134 209 742
Sum opptent eigenkapital		137 620 559	134 209 742
Sum eigenkapital		137 793 589	134 382 772
Gjeld			
Avsetning for forpliktingar			
Netto pensjonsskyldnad	7	1 619 067	1 325 690
Sum avsetning for forpliktingar		1 619 067	1 325 690
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig skuld	9	63 215 309	60 201 537
Sum langsiktig gjeld		63 215 309	60 201 537
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	5	5 577 760	2 529 361
Skuldig til konsernselskap	5	1 200 679	2 482 988
Skuldige offentlege avgifter	10	817 700	795 173
Anna kortsiktig gjeld		2 093 329	1 394 147
Sum kortsiktig gjeld		9 689 468	7 201 669
Sum gjeld		74 523 844	68 728 896
Sum eigenkapital og gjeld		212 317 433	203 111 668

Fitjar, 14. mars 2014

Reidunn Aasheim
LEIAR

Terje Gilje
DAGLEG LEIAR

Rune Sandvik
NESTLEIAR

Hein Schäug

Renate M. Klepsvik

Jostein Grov

Elisabeth Sandven

Jorunn Skåden

Konsernrekneskap

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2013	2012
Driftsinntekter			
Driftsinntekter	14	201 721 139	195 752 077
Sum driftsinntekter		201 721 139	195 752 077
Driftskostnader			
Bruk av tenester (transport)		26 028 870	23 735 562
Handsamingskostnader		14 691 537	17 021 206
Bruk av tenester (Døtre)		27 533 824	22 954 120
Løn og sosiale kostnader	7	62 920 158	61 486 253
Andre driftskostnader	7,11	47 485 887	63 500 965
Ordinære avskrivningar	2	20 357 852	19 360 813
Tap på krav	5	-2 446	278 630
Sum driftskostnader		199 015 681	208 337 549
Driftsresultat		2 705 458	-12 585 472
Renteinntekter		1 950 142	2 339 519
Anna finansinntekt		1 847 404	190 928
Renteutgifter		2 299 340	2 660 136
Anna finanskostnad		748 170	584 691
Netto finansposter		750 036	-714 380
Resultat før skatt og e.o. poster		3 455 494	-13 299 852
Årets skattekostnad	8	-22 106	176 077
Ordinært resultat		3 477 600	-13 475 929
Årsresultat		3 477 600	-13 475 929
Disponering av årsresultat			
Til annan egenkapital	6	3 477 600	0
Frå annan egenkapital	6		-14 330 760
Minoritetens andel av årets resultat	6		854 831
Disponert årsresultat		3 477 600	-13 475 929

Kontantstrømsanalyse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	2013	2012
Kontantstrømar frå operasjonelle aktivitetar		
Innbetalningar frå salg av varer og tenester	77 598 188	77 967 230
- Utbetalningar for varer og tenester for vidare sal og eige forbruk	-52 304 021	-60 994 258
- Utbetalningar til ansatte, pensjon og arb.g.avgift.	-13 203 812	-11 660 298
+ Innbetaling av utbytte	0	0
+ Innbetaling av renter	2 476 353	2 195 750
- Utbetaling av renter	0	0
= Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 1)	14 566 708	7 508 424
Kontantstrømar frå investeringsaktivitetar		
- Utbetaling ved kjøp av aksjar	0	0
+ Innbetaling ved sal av aksjar	0	0
+ Innbetaling/Utbetaling av kapital/lån frå/til dotterselskap	-12 200 000	0
+ Innbetaling ved sal av varige driftsmidler	0	0
- Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidler	-7 179 216	-3 773 341
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-19 379 216	-3 773 341
Kontantstrømer frå finansieringsaktivitetar		
+/- Innbetalningar/utbetalningar ved opptak/nedbetaling av langsiktig gjeld	0	0
+/- Innbetalningar/utbetalningar ved opptak/nedbetaling av kortsiktig gjeld	0	0
- Utbetaling av konsernbidrag	0	0
+ Netto tilført eigenkapital ved konserndanning	0	0
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar		
= Netto endring i kontanter og kontantekvivalentar	-4 812 508	3 735 083
+ Beh. Av kontanter og kontantekvivalentar ved perioden sin start	72 426 878	68 691 795
= Beh. Av kontanter og kontantekvivalentar ved perioden sin slutt	67 614 370	72 426 878
1) Avstemming		
Resultat før skattekostnad	3 410 814	-12 755 393
- Periodens betalte skatt	0	0
+ Ordinære avskrivningar	5 476 438	5 076 197
+ Finansielle Nedskrivningar	0	0
+/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmidler	0	0
+/- Tap/gevinst ved sal av finansaktiva	0	0
+/- Endring i varelager	0	0
+/- Endring i kundefordringar	-759 926	3 943 283
+/- Endring i leverandørgjeld	1 766 090	-6 868 646
+/- Endring i andre tidsavgrensingspostar	4 673 292	18 112 983
= Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	14 566 708	7 508 424

Konsernbalanse

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

	Note	2013	2012
Eigneluter			
Anleggsmidler			
Immatrielle egedelar			
Goodwill	2	9 322 924	4 535 908
Sum immatrielle egedelar		9 322 924	4 535 908
Varige driftsmidler			
Tomter, Bygningar	2, 9	115 975 821	114 061 293
Maskinar, bygg og anlegg	2, 9	29 403 460	31 543 638
Bilar	2, 9	9 656 916	7 943 314
Inventar og utstyr	2, 9	8 737 483	9 123 881
Leigde driftsmidler	2, 13	43 265 355	42 560 960
Sum varige driftsmidler		207 039 034	205 233 085
Finansielle anleggsmidler			
Andre aksjar	4	1 119 805	6 420 915
Andre eigenkapitalinnskot	4	175 071	145 174
Andre fordringar		288 995	12 812
Sum finansielle anleggsmidler		1 583 871	6 578 900
Sum anleggsmidler		217 945 830	216 347 894
Omlaufsmidler			
Varer			
Varelager	12	140 669	255 545
Krav			
Kundekrav	5	25 293 562	18 819 701
Andre kortsiktige krav	5	2 561 110	8 091 069
Sum krav		27 854 672	26 910 770
Kontantar, bank	10	6 068 009	13 602 871
Midlar avsett til etterdrift, kommunalt fond og slamfond	9	63 215 309	60 201 537
Sum Bank		69 283 318	73 804 408
Sum omlaufsmidler		97 278 658	100 970 723
Sum eigneluter		315 224 488	317 318 617

Konsernbalanse forts.

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS


	Note	2013	2012
Eigenkapital og gjeld			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	6	173 030	173 030
Sum innskoten eigenkapital		173 030	173 030
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	6	139 387 821	139 725 345
Sum opptent eigenkapital		139 387 821	139 725 345
Minoritetsinteresser	6	0	1 129 236
Sum eigenkapital		139 560 851	141 027 611
Avsetning for forpliktingar			
Netto pensjonsskyldnad	7	1 534 783	1 526 548
Utsett skatt	8	1 623 540	1 668 042
Sum avsetning for forpliktingar		3 158 323	3 194 590
Gjeld til kredittinstitusjonar			
Anna langsiktig skuld	9,13	95 499 305	94 203 673
Sum langsiktig gjeld		136 658 090	134 857 685
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	9	1 167 908	9 383 875
Leverandørgjeld	5	20 195 576	11 150 198
Betalbar skatt	8	22 396	951 017
Skuldige offentlege avgifter	10	5 715 580	7 655 904
Anna kortsiktig gjeld		8 745 765	9 097 738
Sum kortsiktig gjeld		35 847 225	38 238 732
Sum gjeld		175 663 638	176 291 007
Sum eigenkapital og gjeld		315 224 488	317 318 617



Reidunn Aasheim
LEIAR



Terje Gilje
DAGLEG LEIAR



Rune Sandvik
NESTLEIAR


Hein Schaug


Renate M. Klepsvik


Jostein Grov


Elisabeth Sandven


Jorunn Skåden

Kontantstrømoppstilling

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS - Konsern

	2013	2012
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar		
Innbetalningar frå salg av varer og tenester	195 247 278	191 415 277
Utbetalningar for varer og tenester for vidare sal og eige forbruk	-106 155 757	-129 844 653
- Utbetalningar til ansatte, pensjon og arb.g.avgift.	-62 776 768	-61 485 948
+ Innbetaling av utbytte	0	0
+ Innbetaling av renter	1 950 142	2 339 519
- Utbetaling av renter	-2 299 340	-2 660 136
= Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 1)	25 965 555	-235 941
Kontantstrømmer frå investeringsaktivitetar		
- Utbetaling ved kjøp av aksjar	0	-5 155 936
+ Innbetaling ved sal av aksjar	6 699 802	0
+ Innbetaling av kapital frå dotterselskap	0	0
+ Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar	200 000	6 044 000
- Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-30 960 885	-15 217 500
= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-24 061 083	-14 329 436
Kontantstrømmer frå finansieringsaktivitetar		
+/- Innbetalningar/utbetalningar ved opptak/nedbetaling av langsiktig gjeld	1 800 405	14 011 607
+/- Innbetalningar/utbetalningar ved opptak/nedbetaling av kortsiktig gjeld	-8 225 967	4 637 047
- Utbetaling av konsernbidrag	0	0
+ Netto tilført eigenkapital ved konserndanning	0	0
= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-6 425 562	18 648 654
= Netto endring i kontanter og kontantekvivalentar	-4 521 090	4 083 277
+ Beh. Av kontanter og kontantekvivalentar ved perioden sin start	73 804 408	69 721 131
= Beh. Av kontanter og kontantekvivalentar ved perioden sin slutt	69 283 318	73 804 408
1) Avstemming		
Resultat før skattekostnad	3 477 600	-13 299 850
- Periodens betalte skatt	-951 017	-613 228
+ Ordinære avskrivningar	20 357 852	19 360 813
+ Finansielle Nedskrivningar	0	0
+/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	0	219 000
+/- Tap/gevinst ved sal av finansaktiva	-1 499 802	0
+/- Endring i varelager	114 876	0
